

Møtereferat FAU Ringstad skule

Dato: 8.nov		Klasse	FAU -medlem	Møtt	Forfall
Tid: 18.00		1a	Gunnhild Overvoll	x	
Kopi til	Rektor	1b	Elisabeth Hagebakke	x	
		2a	Elisabeth Furset Vågsæter	x	
		2b	Jon Magne Johansen	x	
		3a	Stig Tore Rennemo	x	
Merknader		3b	Torill Lind	x	
		4a	Emila Kaminska	x	
Leiar	Stig Tore Rennemo	4b	Liv Perny Solheim	x	
Skrivar	Elisabeth Vågsæter	5a	Jan Michael Bjørstad Langlo	x	
Kasse	Torill Lind	5b	Sebastian Zak		x
		6a	Silje Helen Sandø	x	
		6b	Robert Andre Sund	x	
		7a	Arnhild Susanne Wollen	x	
		7b	Cecilie Gullbekkhei Vike	x	
Saksnr:	Orientering / Drøftingar / Vedtak			Ansvarlege for oppfølging:	
Innkallinga	Kommentarar: ok med digital innkalling. Vidare litt lengre innkalling slik at vi får snakka med foreldra				
2-18/19	<p>Status ballbinge v/Torill og Jan Michael</p> <p>Manglar lys, leidningar er trekt, ventar på elektrikar. Nettet skal flettast ferdig.</p> <p>Økonomi: betong og anlegg er innanfor budsjett. 6400 kr over, men rektor har godkjent det. Smellen kom pga plassen ikkje er flat. Kr 242 000 står framleis på konto, fordi kommunen har betalt, men det skal overførast til slutt. Momsrefusjon.</p> <p>Tilsette Opshaug Sandtak, Stranda Anleggsservice, Bjørnes Bygg, Langlo Maskin har gjort mykje på dugnad. Rabatt på 42 900 kr, dette tilsvrar omlag 55 000 kr inkl moms. Føresetnaden frå bedriftene var at desse pengane skulle brukast på leikeapparat til ungane. Det har rektor og kommunen godkjent. FAU skal bestemme over desse pengane. Her treng vi ei arbeidsgruppe. Involvere rektor/tilsette/elevråd. Gruppe: Sebastian Zak? Vi må ha ein til frå foreldra. I tillegg vaktmeister og ein eller to frå skulen. To elevar?</p> <p>Påskjønne entreprenørane?</p> <p>Viktig å vise at vi set pris på dei. Dette kan vi bruke noko pengar på, men vi ventar til offisiell opning til våren.</p> <p>Må få på plass leikeapparata samtidig, sidan vi har søkt om nærmiljøanlegg, ikkje ballbinge.</p> <p>Gåve er ikkje frådragsberettiga og utløyser ikkje momskompensasjon, derfor løyst på den måten det er gjort.</p> <p>Ønske om skaterampe/utstyr. JML har samla inn idear.</p>				

	Leikeapparata må vere bestilt og betalt før nyttår. Vi har difor dårleg tid.	
3 - 18/19	<p>Bruk av private telefonar blant tilsette på SFO. Gjennomgang av vedtekten. Stig Tore</p> <p>Leiar SFO er kontakta av foreldre som hevder at tilsette på SFO ved nokre tilfelle har teke bilete av borna og lagt desse ut på eigne og private sosiale media. Snapchat var nemnd. Hendinga er truleg gjort i vanvare og ikkje gjennomtenkt.</p> <p>FAU meiner det er viktig at skulen har en profil knytt til bruk av sosiale media slik at tilsette får opplæring samt gode og rette haldningar. Vi skal verne om borna våra og sikre at slike hendelser ikke finner sted.</p> <p>Vi er blitt gjort kjend med at Torill Anses har snakka med skuleleiinga angående bruk av private mobiltelefonar. FAU mener dette bør reguleres i vedtekten.</p> <p>Ny personvernlov er svært streng og vi viser til krav om tidsavgrenset samtykke for bruk av namn og bilder i regi av skolen. Dette bør inngå som del av vedtekten og bruk av sosiale media.</p> <p>Facebookgruppe SFO, kven skal eige sida? Etter det vi kan sjå er det Inger Helen Abelsen. Kven kan/skal administrere? Bør ikkje kommunen styre? Privateigd slik det står i dag.</p>	
4 - 18/19	<p>Appar for foreldrekontroll + mobbeappar. Stig Tore</p> <p>Under Aksjonsveka mot rus var det eit foreldreforedrag (+ fagpersonar) ved Tor Egil Rønneberg, fortel ganske mykje om kva som fins på nett. Kva har vi av kontroll på ungane våre i dag?</p> <p>Finst appar for foreldrekontroll for å sjå kva ungane gjer på. Er dette noko vi skal informere foreldre om?</p> <p>Mobbeappar. Sykkylven kommune har stengt for mellom anna Tellonym og andre kontaktplattformer. Bør Stranda kommune gjere det same?</p> <p>Foreldre treng informasjon. Mange har ikkje oversikt eller er naive. Forsvarar barna sine haldningar, tør ikkje setje grenser. Dømmekrafta til ungane er ikkje tilstades.</p> <p>Jobben med slikt haldningsskapande arbeid kan ikkje nokon greie åleine. Trenar, lærarar, foreldre osv må jobbe ilag.</p> <p>It takes a village to raise a child.</p> <p>FAU ynskjer å jobbe vidare med dette. Kanskje ein temakveld i mars?</p>	
5 - 18/19	Trafikksituasjonen ved skulen Uhaldbart pr no.	

	<ol style="list-style-type: none"> 1. Overgangane. Lys? Flombelysning? Pr no er det svært mørkt. Noko betring etter nye lyspærer, men framleis ikkje godt nok. Forslag: betre belysning. 2. Parkeringsa ved bedehuset er i så dårlig stand at ein risikerer å øydeleggje bilar pga store holer. Kan denne asfalterast? Evt fylle att i holene. 3. Kva er bestillinga frå Stranda kommune knytt til skyss? Kan sjåførane velje kvar dei vil setje av ungane? Kan bussane sleppe av ungane på busslomma nedanfor skulen? 4. Parkeringskaos morgen og ettermiddag rundt busslomma/lærarparkering/fortau. Alt for mange kritiske situasjonar. Kan ein innføre eit parkeringsforbod i dette området? 	
Eventuelt	Ingen innspill	

Ny dato for FAU møte blir 17. januar 2019.

Elisabeth Furset Vågsæter (Skrivar)